



Arkitektgruppen CUBUS AS  
Hanne K. Vie  
pb 294 Sentrum  
5804 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2374 - 22/18001

Saksbehandlar:  
Åge Færestrand  
age.faerestrand@osteroy.kommune.no

Dato:  
18.07.2022

## Uttale frå Osterøy brann-redning vedkomande oppstart av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone

### gnr. 86, bnr .5 m.fl, PlanID 46302022001, Osterøy kommune

I samhøve med plan- og bygningslova § 5-2 skal eit planforslag sendast til uttale til partar som får følgjer av planforslaget. Osterøy brann-redning er såleis ein part i denne saka og uttalar seg med dette om tilhøve som kan ha innverknad på rednings- og sløkkjeinnsatsen.

Planområdet er regulert til føremål kombinerte bygg og anlegg (BKB2) og LNF i Osterøy kommune sin kommunedelplan for sjø og strandsone. Delar av planområdet har tidlegare vore varsla i oppstart av reguleringsplan Hoshovdstølen bustad og strandsoneplan i 2019. Grunna m.a. tidkrevjande prosess og uavklarte problemstillingar knytt til gangvegen over Åsen har tiltakshavarane - etter tilråding frå Osterøy kommune - vedteke at strandsona/hamneområdet skal takast ut av reguleringsplanen for Hoshovdstølen, og at dette området vert regulert i ein eigen plan.

Føremål med planen er:

- Småbåthamn med omlag 60 båtplassar
- 2-3 fellesnaust for oppbevaring av reiskap knytt til sjøbruk (kajakk, segling, fiske osv.)
- Ein mindre parkeringsplass som er tenleg for vitjande og dei som har naust i strandsona
- Universell tilgjenge til ny kai og strandsone/badeplass
- Ålment tilgjengeleg badeområde

Osterøy brann-redning forutsett at planområdet blir tilrettelagt slik at brannvesenet sine køyrety får tilkomst fram til bygg og konstruksjonar. For oversikt over tekniske spesifikasjonar gjeldane dette, synar me til «Veiledning - tilrettelegging for innsats for rednings- og slokkemannskaper», ein rettleiar utarbeidd av Bergen brannvesen. Rettleiaren finn de på Bergen kommune/innbyggerhjelpen.

Med helsing

Åge Færestrand  
branninspektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Kopi til:**

Per Kristian Skår Brannkoordinator

**Mottakar:**

Arkitektgruppen CUBUS AS

pb 294 Sentrum 5804

BERGEN